

Til
Meland kommune
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79
5906 Frekhaug

Stiftinga Kystsogevekene
Agnes Mowinckelsgt. 5
Postboks 7900, 5020 Bergen
Tlf.: 55 23 91 73
E-post: kystsogevekene@post.hfk.no
Kontonr.: 3624. 51. 90357
Org.nr.: 980 898 644

Bergen, 25. august 2015

Offisiell opning av *Kystsogevekene 2016*

Styret i Stiftinga Kystsogevekene har hatt styremøte, og ei av sakene var vertskommune for offisiell opning av *Kystsogevekene 2016*. Sidan starten av Kystsogevekene i 1997 har den offisielle opninga gått på omgang mellom kommunane som er med i mønstringa. Det er likevel framleis nokre kommunar som Kystsogevekene ikkje har hatt gleden av å ha opninga i. Desse kommunane er Meland, Askøy, Masfjorden, Fusa og Kvinnherad.

Dagleg leiar har vorte kontakta av Arbeidsgruppa for Kystsogedagane i Meland, som signaliserte at dei godt kunne tenkt seg å vere vertskap for *Kystsogevekene 2016* si offisielle opning. Dei ønskjer å trekke fram og ta i bruk ei ny arena, eit nytt område i kommunen til kystsogearrangement, nemleg Litlebergen. Dei vil dermed få i gong aktivitetar og engasjement knytt til ein ny stad, og vil trekke med seg og få engasjement frå fleire og andre grupperingar enn dei som er opptatt av dei tradisjonsrike Kystsogedagane i Meland som vert arrangert på Holmeknappen.

Desse signala vart vidareformidla til styret i Stiftinga Kystsogevekene. Styret syntes det var positivt at det kjem utspel frå arbeidsgruppa, og at det er ønske om å få lov til å stå for opninga. Styret i Stiftinga Kystsogevekene vedtok på styremøtet at dersom også Meland kommune ønskjer, er det naturleg at opninga vert lagt dit i 2016.

Stiftinga Kystsogevekene vil derfor spørje om Meland kommune kan tenkje seg å vere vertskap for *Kystsogevekene 2016*.

Dersom vi får dette avklart, kan vi, etter *Kystsogevekene 2015* er overstått, komme i gong med prosessen og planlegging av arrangementet, anten her eller eventuelt ein annan stad. Ta gjerne kontakt dersom de vil ha eit møte med Stiftinga Kystsogevekene, eller høyre meir om korleis vi brukar å gjere det.

Kystsogevekene 2016 har offisiell opning laurdag 13. august 2016.

Kystsoge
vekene **2016**
13. august til 18. september
www.kystsogevekene.no

Vennleg helsing

Lena Eikeland Kutschera
Dagleg leiar